

ORGANISASJONSPLAN



BØFJORD IDRETTSLAG

Vedteke på årsmøtet 26.02.2015
Revidert mars 2022



FORORD

Bøfjord IL er eit sjølveigande og frittståande idrettslag som vart stifta i 1946. Laget har kring 250 medlemmar og er ein viktig samfunnsfaktor i bygda. Her finn ein mange aktivitetar som både barn og vaksne kan fylle fritida si med.

Oppstart, utvikling og drift av eit idrettslag byr normalt på mange oppgåver. Korleis skal idrettslaget organiserast? Kven har ansvaret for kva? Spørsmåla kan bli mange, og ting kan kanskje verke uoversiktlege, særleg når det gjeld overgang mellom gamle og nye styre. Difor har vi forsøkt å lage ein oversikt til hjelp i arbeidet med å organisere idrettslaget.

Denne organisasjonsplana er først og fremst eit verkty for dei som sit i ulike styre i Bøfjord IL, men ho kan også vere nyttig for andre medlemmar i laget.

God lesing!

INNHALD

FORORD	3
INNHALD	4
1.0 MÅL, VISJON OG VERDIGRUNNLAG.....	6
1.1 BØFJORD I.L SITT FORMÅL.....	6
1.2 BØFJORD IL SITT VERDIGRUNNLAG	6
1.3 BØFJORD I.L SIN VISJON	6
2.0 GRUNNLAGSOPPLYSNINGAR.....	7
3.0 ORGANISASJONSMODELL	8
4.0 STYRET.....	9
4.1 STYRETS SAMANSETNING OG OPPGÅVER	9
4.1.1 Leiar.....	9
4.1.2 Nestleiar.....	10
4.1.3 Sekretær.....	10
4.1.4 Kasserar	10
4.1.5 Styremedlem	10
4.1.6 Vara.....	10
4.2 ÅRSHJUL FOR BØFJORD IL	11
5.0 KOMITEÅR OG ANDRE TILLITSVALTE.....	12
5.1 VALKOMITÉEN	12
5.2 KONTINGENTINNKREVARAR	12
5.3 INNSATSPOKALKOMITÉ	12
5.4 REVISORAR.....	13
6.0 GRUPPER.....	14
6.1 FOTBALLGRUPPA	14
6.2 TRIMGRUPPA.....	15
6.3 SKIGRUPPA	15
7 ANLEGG	16
7.1 GREндаHuset.....	16
7.2 LEIKARVOLLEN	16
7.3 BALLBINGE	17
7.4 LYSLØYPE MED BAKELSBU	17
7.5 GAPAHUK.....	18
7.6 TRIMPOSTAR	18
7.7 TURAR I BØFJORDEN.....	19
8.0 ANDRE AKTIVITETSTILBOD OG UTSTYR.....	20
8.1 BUESKYTING.....	20
8.2 DØMMING.....	21
8.3 ROING	21

8.4 KAJAKKPADLING	21
8.5 VOLLEYBALL.....	22
8.6 TRIMROM OG GYMSAL	22
8.7 SYKKELBANE.....	22
8.8 ANNA UTSTYR OG LAGERPLASS.....	23
Hjertestartar	23
Handballutstyr	23
Isbørr	23
Hockeyutstyr	23
Bålkjele	23
Lagerrom.....	23
9.0 PROFILERING OG SPONSORAR.....	24
9.1 VINTERKOLLEKSJON.....	24
9.2 SOMMARKOLLEKSJON.....	24
9.3 SPONSORAR.....	25
9.2.1 Hovedsponsor	25
9.2.2 Andre sponsorar	25
9.4 SPONSORAVTALE MED SPORT 1	27
10.0 RETNINGSLINJER	28
10.1 RETNINGSLINJER FOR FORELDRE/FØRESETTE.....	28
10.2 RETNINGSLINJER FOR UTØVARAR	28
10.3 RETNINGSLINJER FOR TRENARAR	28
10.4 MOBBING/SEKSUELL TRAKASSERING.....	29
10.5 ALKOHOL/RUSMIDDEL	29
VEDLEGG 1.....	30
LOV FOR BØFJORD IL	30
VEDLEGG 2.....	41
HOVEDSPONSORAVTALE.....	41
VEDLEGG 3.....	43
ARBEIDSFORDELING BASAR.....	43
VEDLEGG 4.....	44
PREMIERING BØFJORD IL.....	44
VEDLEGG 5.....	46
VEDLIKEHALD AV LEIKARVOLLEN.....	46
VEDLEGG 6.....	48
VEDLIKEHALD AV LYSLØYPE.....	48
VEDLEGG 7.....	49
TURAR I BØFJORDEN –ANSVARSFORDELING	49
VEDLEGG 8.....	51
VIL DU BLI MEDLEM I BØFJORD IL?.....	51
VEDLEGG 9.....	52
TILLITSVALDE BØFJORD IL 2022	52
VEDLEGG 10.....	52
ØVRIGE KONTAKTPERSONAR.....	53

1.0 MÅL, VISJON OG VERDIGRUNNLAG

1.1 BØFJORD I.L SITT FORMÅL

Idrettslaget sitt formål er å drive idrett organisert i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF §1).

1.2 BØFJORD IL SITT VERDIGRUNNLAG

Arbeidet skal vere prega av frivillig innsats, demokrati, lojalitet og likeverd. All idrettsleg aktivitet skal byggje på grunnverdiar som idrettsglede, fellesskap, helse og ærlegdom. (NIF §1)

1.3 BØFJORD I.L SIN VISJON

Flest mogleg i aktivitet - lengst mogleg!

For å nå visjonen har vi sett opp følgjande mål:


- **Arenaer i nærmiljøet** som er lett tilgjengelege. T.d ballbinge, trimrom, turløyper, lysløype og Leikarvollen.
- Aktiviteter **sommar og vinter** med **låg terskel** for å bli med. (Eks skitrim og barnefotball).
- Tilbod for både **unge og gamle**. T.d turløyper med ulik grad, trimrom og skitrim.
- **Arrangement/løp/renn** som samlar både mosjonistar og aktive i lag, for å inspirere til meir satsing. T.d: Blåfjelløpet og lagsmeisterskap.
- Sørge for **god økonomi** i idrettslaget slik at alle tilbod kan vere tilnærma lik gratis for medlemmar.

2.0 GRUNNLAGSOPPLYSNINGAR

Namn:	Bøfjord Idrettslag
Stifta:	1946
Postadresse:	6643 Bøfjorden
Epost:	Bofjordil@gmail.com
Idrett:	Fleiridrettslag (m.a ski, fotball, og trim)
Bank:	Surnadal Sparebank
Bankkonto:	4040 55 34640
Vipps:	79097 Bøfjord IL 79094 Fotballgruppa 79091 Skigruppa 79095 Trimgruppa
Antal medlemmar:	346 (01.01.2020)
Organisasjonsnr:	985 016 755
Laget er tilslutta:	<ul style="list-style-type: none">- Norges Idrettsforbund, gjennom Møre og Romsdal Idrettskrets- Norges Skiforbund, gjennom Møre og Romsdal Skikrets- Norges Fotballforbund, gjennom Nordmøre og Romsdal Fotballkrets- Norges Fotballdommerforening, gjennom Nordmøre og Romsdal Dommerkrets
Informasjonsside:	www.bofjorden.net
Årsmøtemånad:	Februar
Anlegg:	Grendahuset (Andelar) Leikarvollen Lysløype Ballbinge Volleyballbane Gapahuk «Turar i Bøfjorden» 11 trimpostar Bøfjorden sykkelbane
Logo:	Logoen inneheld klubbfarene til Bøfjord IL, gul og blå. I tillegg viser den når laget vart stifta og nokre av aktivitetane i laget, fotball, ski og friidrett.



3.0 ORGANISASJONSMODELL



4.0 STYRET

4.1 STYRETS SAMANSETNING OG OPPGÅVER

Idrettslaget vert leia og forplikta av styret, som er idrettslaget sitt høgste styringsorgan mellom årsmøta. (NIF §18)

Styret består av: Leiar, nestleiar, sekretær, kasserar og eitt styremedlem. Styremedlemane veljast for 2 år. Leiaren veljast for eit år, men to år i styret.

Styret skal:

- *Setje i verk årsmøtet og overordna organisasjonsledd sitt regelverk og sine vedtak*
- *Sjå til at idrettslaget sine midlar vert brukt og forvalta på ein forsiktig måte i samsvar med dei vedtak som er fatta på årsmøtet eller av overordna organisasjonsledd. Styret skal vidare sjå til at idrettslaget har tilfredsstillande organisering av rekneskaps- og budsjettfunksjonen, og har forsvarleg økonomistyring*
- *Etter behov oppnemne komitéar/utval/personar for spesielle oppgåver og utarbeide mandat/instruks for desse*
- *Representere idrettslaget utetter*
- *Oppnemne ansvarleg for politiattestordninga.²¹*

Styret skal halde møte når leiaren bestemmer det eller minst to av styremedlemane krev det. (NIF §18.

4.1.1 Leiar

- Er ansiktet utad i klubben, og klubben sin representant i møter og forhandlingar, dersom anna ikkje er fastsett.
- Står for den daglege leiinga i laget.
- Skal anwise alle utbetalingar i laget over 5000 kr saman med kasserar
- Skal leie styret sine forhandlingar og laget sine møter dersom ikkje anna er fastsett.
- Skal sjå til at val, adresseforandringar o.l. som har interesse for krets og forbund blir meldt.

4.1.2 Nestleiar

- Nestleiar fungerer som leiar ved han/hennar sitt fråvær.
- Bistår leiar og dannar eit leiarteam med denne.
- Har elles definerte oppgåver på same måte som eit ordinært styremedlem.

4.1.3 Sekretær

- Sekretæren skal føre protokoll over alle styremøte, medlemsmøte og årsmøte.
- Skal vera laget sin arkivar.
- Skal søkje aktuelle støtte- og tilskotsordningar, dersom anna ikkje er fastsett.
- Lage årsmelding.

4.1.4 Kasserar

- Disponerer midlane til laget og har fullmakt til bankkontoar i klubben.
- Kasseraren pliktar å sette seg inn i gjeldande instruksar og bestemmingar som til einkvar tid gjeld for idrettslag.
- Anviser utbetalingar saman med den som har bestilt varen og/eller leiar.
- Har til einkvar tid oversikt over den økonomiske situasjon i laget og følgjer opp denne.
- Har ansvaret for at det blir sett opp resultatregnskap ved sesongslutt og ser til at dette blir revidert til årsmøtet.

4.1.5 Styremedlem

- Møter på styret sine møter.
- Tildelast konkrete oppgåver i henhold til styret sine vedtak.
- Kan vera valt til spesielle oppgåver, som for eksempel sponsoransvarleg, materialforvaltar, anleggsansvarleg, politiattestansvarleg og liknande.

4.1.6 Vara

- Kallast inn ved fråvær av medlem i styret.

4.2 ÅRSHJUL FOR BØFJORD IL

Månad	Styret	Fotballgruppa	Skigruppa	Trimgruppa
Januar	- Forhandling hovedsponsor (partalsår) - Årsmelding, reknskap, kontakt valkomitè	-Årsmelding	-Årsmelding - Skitrim	-Årsmelding
Februar	- Årsmøte -Revidering av organisasjonsplan	Årsmøte	- Årsmøte - Skitrim	Årsmøte
Mars	- Skaffe politiattestar - Registrere opplysningar i brønnøysundregisteret - Kontingentinnkreving - Årsmøte i idrettsrådet	-Frist melde på lag (10.03)	-Lagsmesterskap	
April	- Fakturere sponnor Svorka - Kulturmidlar (30.04) - Samordna rapportering (30.04)	- Oppsart BB		
Mai		-Evt seriestart -Halsacup		-Åsskardfjorden rundt - Sykkeltrim
Juni	-Åpning for innsending tippemiddelsøknad 15.06	- <i>Todalscup</i>		-Sykkeltrim
Juli				-Blåfjelløpet
August	NB: - Søknad om momskompensasjon varer og tjeneste (15. aug)	- <i>Søyacup</i> - <i>SIL-regncup</i>		-Sykkeltrim
September	- Fellesmøte for lag og organisasjonar i Surnadal (sept/okt)	- <i>Rindalscup</i>		
Oktober	- Basar	-Basar	-Basar	-Basar -Ta inn trimbøker
	NB: - Søknad om spelemidlar, utstyr (15. okt)			
November				
Desember				

5.0 KOMITEÅR OG ANDRE TILLITSVALTE

Idrettslaget kan organiserast med grupper og/eller avdelingar. Idrettslaget sitt årsmøte tek avgjerd om oppretting av grupper/avdelingar, og korleis desse skal organiserast og leiast. (§19 NIF)

5.1 VALKOMITÉEN

Valkomitéen har ein viktig rolle for å sikre drift av klubben gjennom å finne personar til styret, grupper og komitear av medlemsmassen, og ikkje minst motivere til å ta ansvar.

Valkomitéen består av tre medlemmar, som er valte på årsmøtet. Medlemmane veljast for tre år, og det tredje året fungerer han/hun som leiar i komitèen.

Valkomitéen sine oppgåver:

- å diskutere med styret om eventuelle endringar i styret si samansetting
- *leggje fram innstilling på kandidatar til alle tillitsverv som skal veljast på årsmøtet, med unntak av valkomité. Medlem av valkomité som sjølv vert kandidat til verv, pliktar å tre ut av valkomiteen. (§19 NIF)*
- før årsmøtet, på det tidspunkt vedtektene bestemmer, gje skriftleg forslag på nomineringa som skal leggest fram for medlemmene på årsmøtet
- å presentere valkomiteen sine forslag på årsmøtet.

5.2 KONTINGENTINNKREVARAR

Kontingentinnkrevarane har ansvaret for å kreve inn medlemskontingent frå medlemmane.

Kontingentinnkrevarane består av to personar som er valte på årsmøtet.
Kontingentinnkrevarane veljast for 2 år.

Kontingentinnkrevarane krev inn kontingent ved å sende ut faktura via epost på www.klubbadmin.no, eller bruker posten.

Frist 15.04. Medlemmane skal registrerast på klubbadmin.no. Medlemsliste skal innehalde namn, adresse, fødselsdato og gjerne epost. Sjå vedlegg 7 for medlemsfordelar m.m.

5.3 INNSATSPOKALKOMITÉ

Innsatspokalkomitéen består av tre medlemmar, som er valde på årsmøtet. Medlemmane veljast for tre år, og det tredje året fungerer han/hun som leiar i komitèen.

Innsatspokalkomitéen skal finne eventuelle kandidatar som fortener utmerkingar for innsats i idrettslaget, sportsleg eller gjennom annan innsats. Dette kan vera innsatspokal,

æresmedlemsskap eller anna. Innsatspokalkomiteen deler ut denne på årsmøtet eller på anna arrangement. Slike utmerkingar treng ikkje skje kvart år.

5.4 REVISORAR

Det veljast to revisorar på årsmøtet. Revisorane veljast for eit år om gongen.

Revisorane skal gjennomgå og sikre at rekneskapa er i samsvar med idretten sine revisjonsbestemmingar.

Korleis revisjonen skal utførast finn ein i NIF si lov, kapittel 4, eller på <http://www.lovdatab.no/nif/hiff-20071128-0002.html#map004>.

6.0 GRUPPER

Har årsmøtet gjort vedtak om å opprette grupper, skal kvar gruppe leiast av minst tre medlemmar. Gruppa sin leiar veljast på årsmøte i laget, og eventuelle andre funksjonar veljast innad i gruppa.

Gruppa skal behandle alle faglege saker som gjeld gruppa sin idrettsgrein. Det skal gjerast framlegg for hovdestyret om stevner, og gruppa skal stå for det tekniske arrangementet. I idrettstekniske saker som berre vedkjem gruppa, handlar gruppa sjølvstendig. Den skal sørge for at lover blir overhalde og rapportere brot til hovdestyret.

Gruppene legg på årsmøtet fram årsmelding om gruppas verksemd, deltaking og plassering i stevner m.m.

Gruppene kan sjølv utforme søknad ved spesielle behov for støtte, og tilskot for materiell, utstyr og liknande, men denne må godkjennast av styret før den sendast.

Gruppene deltek i planlegging og organisering av idrettslaget sin basar og evt andre arrangement der heile idrettslaget deltek.

Bøfjord IL har pr.d.d 3 grupper: Fotballgruppa, Skigruppa og trimgruppa.

6.1 FOTBALLGRUPPA



Arrangement og aktivitet: Fotballgruppa i Bøfjord IL består av fire medlemmar. Gruppa har ansvaret for all aktivitet knytta til fotball for ungar og vaksne. I dag har idrettslaget knøttefotball frå 5-10 år i samarbeid med Bæverfjord IL. Gruppa har ansvaret for heimekampar i evt seriespel og BB-cup dei åra det vert arrangert. Eventuelle heimekampar blir spelt på Leikarvollen og i Bæverfjord.

Anlegg: Fotballgruppa har ansvaret for drift og vedlikehald av *Ballbingen* og *Leikarvollen* med det utstyret som høyrer til der. Av utstyr kan vi særskilt nemne vatningsanlegg, plenklippar, grasluftar, ryddesag, fotballmål, vant og anna fotballrelatert utstyr.

Leiar fotballgruppa 2022: Ivar Arne Bøe

6.2 TRIMGRUPPA



Arrangement og aktivitet: Trimgruppa består av fem medlemmar. Gruppa har ansvaret for aktivitet knytta til trim, mosjon og sykkel. Trimgruppa arrangerer kvart år Åsskardfjorden rundt (samarbeid med Bæverfjord IL) og Blåfjelløpet (samarbeid med Halså IL). Gruppa har også ansvaret for andre aktiviteter som t.d sykkeltrimmen, trimtreff, kyrkjetrym og oppfølging av trimpostar/Turar i Bøfjorden.

Anlegg: Trimgruppa har ansvaret for drift og vedlikehald av «*Turar i Bøfjorden*» og *Gapahuken*.

Leiar trimgruppa 2022: Maj Aina Bøe

6.3 SKIGRUPPA



Arrangement og aktivitet: Skigruppa består av fem medlemmar som har ansvaret for aktivitet knytta til ski. Når det er forhold til det arrangerer gruppa vekentleg skitrim i lysløypa i Sletta og i feb/mars arrangeres lagsmeisterskap. Skigruppa køyrer også opp spor innover til Gapahuken når det er gode forhold.

Anlegg/utstyr: Gruppa har ansvaret for drift og vedlikehald av *lysløype* og *bakelsbu*.

Leiar i skigruppa 2022: Eilen Haarstad

7 ANLEGG

7.1 GREINDAHUSET



Bøfjord I.L er andelseigar i Bøfjorden Grendahus. Bøfjorden Grendahus har eige styret og økonomi, men huset fungerer bl.a som klubbhus for Bøfjord IL. Idrettslaget betaler ein årleg sum til Grendahuset og disponerer garderobar, speakeranlegg, lagerplass til større utstyr i garasje og eige lagerrom inne til arkivering og mindre utstyr.

Grendahusstyret har ansvaret for drift og vedlikehold av huset, medan Bøfjord IL har ansvaret for lagerromet og eige utstyr i garasjen.

7.2 LEIKARVOLLEN



Bøfjord I.L har fått grunnen som Leikarvollen ligg på av Settem gard, no eigd av Ingebrigt Garthe. På slutten av 1940-talet vart det anlagt ein grusbane der, og i 1973 vart den omgjort til den grasbanen vi har i dag.

Fotballgruppa har ansvaret for drift og vedlikehald av Leikarvollen, med m.a plenklipping, gjødsling, vatning, merking etc. Sjå vedlegg 5 for plan for vedlikehald.


7.3 BALLBINGE



Sommaren 2014 vart det satt opp ballbingen med kunstgrasdekke på Bøfjord oppvekstsenter. Denne kan nyttast for alle som ønskjer det. Om vinteren kan det leggast skøyteis der dersom det er forhold til dette. Det er to lysmaster på ballbingen, som gjer at den kan brukast heile året. Lysbrytaren er festa på lyktestolpen i hjørnet bak ballbingen (sørvest for bingen).

Fotballgruppa har ansvaret for drift og vedlikehald av ballbingen.

7.4 LYSLØYPE MED BAKELSBU



I Settemsdalssletta har idrettslaget ei lysløype på ca 2,5 km. Denne lysløypa blir oppkjørt når det er forhold til det. Det er også ei scooterbu med utedo og ei bakelsbu med straum ved lysløypa som blir brukt når det er skitrim.

Skigruppa har ansvaret for drift og vedlikehald av lysløypa, scooterbu og bakelsbu. Sjå vedlegg 6 for plan for vedlikehald.

7.5 GAPAHUK

Sommaren 2016 vart det satt opp ein gapahuk ved trimposten innpå Kjølen. Denne kan benyttast fritt av alle, sommar og vinter, til dagsturar eller overnatting. Der er det bord, bålpanne og litt utstyr for matlaging. Det er merka løype inn dit i sommarhalvåret, og ofte oppkjørte spor om vinteren. Det anbefales støvlar til fotty om sommaren.



Trimgruppa og skigruppa har ansvaret for drift og vedlikehald av gapahuken.

7.6 TRIMPOSTAR

Idrettslaget har 11 trimpostar med stor variasjon i lengde og terreng. Nokre turar er korte og flate, og andre lengre og brattare. På kvar trimpost ligg det ei bok der du kan skrive namnet ditt, og boka byttas ut 1. oktober kvart år. Det er uttrekkspremiar på trimpostbøkene.

Postane er plasserte på følgjande stader:

- Kvalnesvika
- Kalset
- Osen
- Hyllrabben
- Kjølen
- Seterbekken
- Svartvatnet
- Stordalsvarden
- Skarhaugen
- Håkkåsteinen
- Settemsvarden



Trimgruppa har ansvaret for drift og vedlikehald av trimpostane.

7.7 TURAR I BØFJORDEN



Sommaren 2014 vart prosjektet Turar i Bøfjorden ferdigstilt. Fleire turar vart rydda, skilta og merka og det vart laga eit informasjonshefte til turane. Det vart i tillegg satt opp informasjonstavler ved start og undervegs på turane.

Sjølvje prosjektet består av:

- 23 merka løyper
- Ca. 115 skilt
- 4 informasjonstavler (150x90) som heng på vegg og inneheld oversikt over alle turane. Desse heng på Grendahuset, Museet, Bua og på Elvaneset.
- 24 tavler på stolpar som inneheld informasjon om turen og evt historiske hendingar om staden.
- Informasjonshefte og klippekort som kan kjøpas på Bua og Sport 1.

Trimgruppa har ansvaret for drift og vedlikehald av løyper tavler og hefter, men det er satt opp ei eiga liste over medlemmar som har fått ansvar for kvar sin tur. Sjå vedlegg 7.

8.0 ANDRE AKTIVITETSTILBOD OG UTSTYR

Idrettslaget har også andre aktiviteter som ikkje har egne grupper. Desse aktivitetane ligg under idrettslaget og dekkast av lagets forsikringar og økonomi. Aktivitetane vil variere frå år til år, alt etter kva det er interesse og behov for.

8.1 BUESKYTING



Idrettslaget har utstyr til blinkskyting inne og ute, samt feltskyting på 3D-figurar. Om vinteren kan ein trene innandørs i skytehallen på grendahuset og om sommaren utandørs på fotballbanen, eller på 3D-bane med dyrefigurar, som plasseras ute i skogen som blinkar,

Utstyr:

- Skytevegg i kjellaren til grendahuset
- Skytematter og stativ til blinkskyting ute og inne
- 17 stk 3D-dyr i plaststoff som liknar ekte dyr.
- Nokre klubb-buar, med tilbehør, til utlån for dei som ikkje har eige utstyr og ønskjer å prøve bueskyting

Kontaktpersonar 2022: Tommy Bøe tlf 91821300 og Lars Arve Gravvold tlf 91354063

8.2 DØMMING

Idrettslaget har pr.dd ein dommar som dømmer i Nordmøre og Romsdal fotballkrins. Han gjer ein stor innsats for laget, ved å vere god representant for laget, og ved å betre økonomien til laget ved at vi slepp å betale for ein del dømming ved seriespel.

Kontaktperson 2022: Per Iver Skrøvset 90129663



8.3 ROING

Hjelmkonna er ein kyrkjebåt som ligg i Hjelmkonnå-naustet på Åsskard. Båten har plass til 14 roarar. I sommarhalvåret er det av og til roing og konkurransar mot andre kyrkjebåtar i nabofjordane. Bøfjord historielag er eigar og har ansvaret for båten, men Bøfjord IL har nokre andelar.

Kontaktperson 2022: Tore Sannes tlf 92444344



8.4 KAJAKKPADLING

Bøfjord IL har to kajakkar som kan benyttas fritt for alle medlemmar. Den eine er ein singelkajakk som ligg i båtnaustet på Åsskard. Den andre er ein dobbelkajakk som ligg på Bølandet.

Kontaktperson singelkajakk 2022: Tore Sannes tlf 92444344

Kontaktperson dobbelkajakk 2022: Tommy Bøe tlf 91821300



8.5 VOLLEYBALL

Idrettslaget har ein sandvolleyballbane på skulen, som kan nyttast fritt for alle utanom barnehagen si opningstid. Det har av og til vore volleyballturnering under Bøfjordhelga. Nett og stenger tas ned om hausten og leggst i garasjen på Grendahuset.

Kontaktperson 2022: Sondre Bøe tlf 91146915



8.6 TRIMROM OG GYMSAL

Idrettslaget disponerer eit klasserom på Bøfjord skule til trimrom. Rommet er utstyrt med mykje bra utstyr til trening. Trimsyklar, romaskin, bråsterk og vekter for å nemne noko. Det meste utstyret er privateigd, men idrettslaget eig noko av det. Alle som er medlemmar i laget kan få tilgang til nøkkel og trene der under forutsetning av at dei registrerer seg og deltek på reinhald av rom og utstyr. Gymsalen kan også brukas under same vilkår.

Kontaktpersonar 2022: Anders Melling 97516797, Gjertrud Heggem 93097015 og Per Iver Skrovset 90129663



8.7 SYKKELBANE

Sommaren 2017 vart det bygd ein sykkelbane på Settemsøra. Det er ei løype på ca 150 m med kular og doserte svingar, platting, benkar og sandkasse. Anlegget kan brukas av alle, og medlemmar har også tilgang til sandkasseleiker i ein låst kasse.

Kontaktperson 2022: Linda Settemsdal tlf 94813002 og Bodil Kvam Aasbø tlf 48269549



8.8 ANNA UTSTYR OG LAGERPLASS

Idrettslaget eig også anna utstyr som kan disponerast av medlemmar i laget.

Hjertestartar

Idrettslaget eig «Ida-sekken» som inneheld hjertestartar og førstehjelpsutstyr. Ein del medlemmar har fått kurs i å bruke denne, men ALLE kan bruke den, fordi den gjev munnleg instruksjon på korleis den skal brukast, og ein kan ikkje bruke den feil. Ida-sekken er inne, oppe i Grendahuset. Det er også ein hjertestartar i brannstasjonen på Settem.

Kontaktperson 2022: Malin Sætten 45247761

Handballutstyr

Vinteren 2020 vart det innkjøpt 15 handballar og anna utstyr for å trene barnehandball i gymsalen på Bøfjorden barnehage. Dette utstyret ligg i rommet bak gymsalen.

Isborr

Laget eig eit isborr som står lagra i garasjen på Grendahuset. Dette isborret kan medlemmar låne med seg ved å kontakte styret.

Hockeyutstyr

Laget eig to ishockeymål med nett som står i ballbingen. I tillegg er det ein skibag med om lag 10 køller for ungar og vaksne. Dette lagras i garasjen på Grendahuset når det ikkje er i bruk.

Bålkjele

Laget har ein stor bålkjele som lagra i lagerrommet på Grendahuset.

Lagerrom

Idrettslaget disponerer garasjen og eit rom i kjellaren i Grendahuset til arkivering og lagring av utstyr.

9.0 PROFILERING OG SPONSORAR

9.1 VINTERKOLLEKSJON

Bøfjord I.L fekk i 2015 ein skikolleksjon som er designa for idrettslaget. Swix er leverandør gjennom Sport 1 i Surnadal. Dressane har klubbfarene til Bøfjord IL, gul og blå, og er dekorert med logoar frå gode sponsorar. Alle som er medlemmar i Bøfjord I.L kan kjøpe plagg frå kolleksjonen til reduserte prisar. Kleda finst i dame, herre og barnemodellar frå 6 år. Det må bli minst 10 plagg på bestillingslista for at det skal bli sendt bestilling.



Bestilling: Send SMS med namn, telefonnr, plagg og str til Gry Norshusstuen tlf: 94263514

9.2 SOMMARKOLLEKSJON

Sommaren 2021 vart det bestilt t-skjorter og shorts i samband med 75-årsjubileet. Det er nokre shorter for ungar att om nokon ynskjer å kjøpe. Kontakt styret ved interesse. Det er også buffar med Bøfjord IL-logo til sal. Dei kan kjøpas på Bua.



9.3 SPONSORAR

Idrettslaget treng økonomisk støtte i form av sponsorar. Dette kan vere årlege støtteordningar eller eingongsstønader. Alle sponsoravtalar skal godkjennast av styret.

9.2.1 Hovedsponsor



Sparebank 1 Nordmøre (tidlegare Surnadal sparebank) er hovudsponsor for Bøfjord I.L. Avtalen er toårig, og gjeld for perioden 01.01.22 – 31.12.24. Den opphøyrer ved avtaleperiodens slutt utan ytterligare oppseiing frå nokon av partane. Sparebanken forbeheld seg retten til å reforhandle avtalen etter ønskje. Sjå vedlegg 2 for sponsoravtale.

9.2.2 Andre sponsorar



Bøfjord I.L har sponsoravtale med Svorka som går fram til 2022. Svorka betaler kr 5000 i året.

Sponsorar på treningskolleksjon frå Swix:

Alle var eingongsstønadar med unntak av Surnadal Sparebank, som er hovudsponsor.



Bøfjorden Sag AS
Trelast - Lafetømmer - Spesialdimensjoner
Tlf.: 71 66 33 00 - www.bofjorden.no



Sponsorar på fotballdrakt A-laget:



Sponsor på fotballdrakta til BB:



Sponsorar på bueutstyr:

(Alle var eingongsstønader) i tillegg fekk dei midlar frå Spleis.



Sponsorar på ballbingen:

Alle var eingongsstønader



Sponsorar på sykkelbane



9.4 SPONSORAVTALE MED SPORT 1



Bøfjord I.L får **25% rabatt** på kjøp av **fotballsko og Hummel fotballbukse** på Sport 1.

VEDLEGG 8

RETNINGSLINJER

Bøfjord IL sine vedtekter ligg vedlagt i *vedlegg 1*. I tillegg ynskjer vi å følgje desse retningslinene for foreldre/føresatte, utøvarar og trenarar.

10.1 RETNINGSLINJER FOR FORELDRE/FØRESETTE

SOM FORELDER/FØRESETT SKAL DU:

- Respektare klubben sitt arbeid.
- Engasjere deg, men hugs at det er barna som driv idrett – ikkje du.
- Respektare trenaren, han/hennar sitt arbeid og anerkjenne han/henne overfor barna dine.
- Lære barna folkeskikk. Gå framfor som eit godt eksempel.
- Lære barna å tåle både medgang og motgang.
- Motivere barna til å vera positive på trening.
- Hugse at det viktigaste av alt er at barna trivst og har det artig!

10.2 RETNINGSLINJER FOR UTØVARAR

SOM UTØVAR SKAL DU:

- Vise lojalitet mot klubb og trenarar.
- Følgje klubben sine reglar.
- Vise respekt og stille opp for kvarandre.
- Stille på treningar og stevner du har forplikta deg til.
- Vise engasjement.
- Ta ansvar for miljø og trivsel.
- **MOBBING ER IKKJE AKSEPTERT!**

10.3 RETNINGSLINJER FOR TRENARAR

SOM TRENAR SKAL DU BIDRA TIL:

- Positive erfaringar med trening og konkurranse.
- Fremme eit godt sosialt miljø, lagånd og vennskap.
- Samarbeid og god kommunikasjon med andre trenarar, leiarar og foreldre.
- Vera eit godt forbilde.
- Møte presis og godt forberedt til kvar trening.
- Som trenar er du veileidar, inspirator og motivator.
- Vise god sportsånd og respekt for andre.

- Vere bevisst på at du gir alle utøvarar oppmerksomheit.
- Einkvar utøvar eller gruppe skal utfordrast til å utvikle sine ferdigheiter.

10.4 MOBBING/SEKSUELL TRAKASSERING

Bøfjord IL aksepterer ikkje noko form for mobbing. Ved mobbing/seksuell trakassering, eller mistanke om det, meldast dette til leiar i gruppa eller direkte til styret.

Saka blir teke først opp med mobbar/mobbarar. Ved gjentakning, vil det føre til utestenging av all aktivitet i idrettslaget i 1 år

10.5 ALKOHOL/RUSMIDDEL

1. Barn og unge som deltek i aldersbestemte klassar (under 18 år) skal møte eit trygt og rusfritt idrettsmiljø. Trenarar, leiarar og utøvarar skal framstå som gode forbilde for barn og unge og ikkje nyte alkohol og tobakk saman med utøvarar i denne alder.

2. Tribunekulturen skal vere trygg, familievennleg og alkoholfri. På tribunane skal det derfor ikkje nytast alkohol i tilknytning til konkurranseaktivitetar. I lokale knytta til idrettsanlegg gjeld dei kommunale skjenkebestemmingane dersom lokalet blir leidd ut til private. (NIFS lov §11-2 g)

3. Idretten skal ha ei restriktiv haldning til samarbeidsavtalar med bedrifter som har ein vesentlig del av si verksamheit knytta til sal av alkoholhaldig drikke/produkt. Alle organisasjonsledd blir pålagt å følgje norsk alkohollov med forskrifter og retningslinjer.

VEDLEGG 1

LOV FOR BØFJORD IL

Stifta 1946, vedteke av årsmøtet 13.02.2017, godkjent av Møre og Romsdal idrettskrets [dato].

I. INNLEIANDE REGLAR

§ 1 Formål

- (1) Idrettslaget sitt formål er å drive idrett organisert i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF).
- (2) Arbeidet skal vere prega av frivillig innsats, demokrati, lojalitet og likeverd. All idrettsleg aktivitet skal byggje på grunnverdiar som idrettsglede, fellesskap, helse og ærlegdom.

§ 2 Organisasjon

- (1) Idrettslaget er sjølveigande og frittstående med berre personlege medlemmar.
- (2) Idrettslaget er medlem av det/dei særforbund som laget sitt årsmøte bestemmer.¹
- (3) Idrettslaget er medlem av NIF gjennom Møre og Romsdal idrettskrins, høyrer heime i Surnadal kommune, og er medlem av Surnadal idrettsråd².
- (4) Idrettslaget skal følgje NIF og tilslutta organisasjonsledd sitt regelverk og vedtak. NIF sitt regelverk gjeld for idrettslaget uavhengig av kva som måtte stå i idrettslaget si eiga lov.

§ 3 Medlemar

- (1) For at ein person skal takast opp i idrettslaget må vedkomande:
 - a) akseptere å overhalde idrettslaget og overordna organisasjonsledd sitt regelverk og vedtak.
 - b) ha gjort opp eventuelle økonomiske forplikingar til idrettslaget og andre organisasjonsledd i NIF.
- (2) Styret i idrettslaget kan i særlege tilfelle nekte ein person medlemskap. Før vedtak vert fatta, skal personen gjerast kjent med bakgrunnen for saka og får ein frist på to veker til å uttale seg. Vedtaket skal vere skriftleg og grunngjeve, og informere om høve til å klage. Vedtaket kan klagast på til idrettskrinsen innan tre veker etter at det er motteke.

¹ Idrettslaget må vere medlem av det/dei særforbund som organiserer idretten/idrettane laget driv, med mindre laget berre driv mosjonsidrett som ikkje er organisert av eit særforbund i NIF, jf. NIF si lov § 10-1. Dette skal kome fram av idrettslaget sin organisasjonsplan som vert vedteke av årsmøtet. Det er også årsmøtet som vedtek innmelding/utmelding i det/dei aktuelle særforbund.

² Idrettslag kan berre vere medlem av eitt idrettsråd. Dersom idrettslaget sitt naturlege område strekkjer seg over meir enn ein kommune, avgjer idrettslaget sitt årsmøte kva idrettsråd det høyrer til.

Klagen skal sendast til styret i idrettslaget, som eventuelt kan omgjere vedtaket. Om vedtaket står ved lag, skal klagen sendast til idrettskrinsen innan to veker.

- (3) Medlemskap i idrettslaget er først gyldig frå den dag kontingent er betalt.
- (4) Medlemeden pliktar å overhalde NIF, tilslutta organisasjonsledd og idrettslaget sitt regelverk og vedtak.
- (5) Utmelding skal skje skriftleg og får verknad når den er motteke.
- (6) Idrettslaget kan fråta medlemskap frå ein medlem som etter purring ikkje betalar fastsett medlemskontingent. Medlem som skuldar kontingent for to år, taper automatisk sitt medlemskap i idrettslaget og skal strykast frå laget si medlemsliste.
- (7) Styret i idrettslaget kan i særlege tilfelle fråta ein medlem medlemskapet for ein periode på inntil eitt år. Før vedtak vert fatta, skal vedkomande gjerast kjent med bakgrunnen for saka og få ein frist på to veker til å uttale seg. Vedtaket skal vere skriftleg og grunngjeve, og informere om høve til å klage.
- (8) Ved tap av medlemskap kan den saka gjeld kreve at vedtaket handsamast av ordinært/ekstraordinært årsmøte, og har rett til å vere til stade ved årsmøtet si handsaming av saka. Kravet må setjast fram innan ei veke etter at vedtaket er motteke, og årsmøtet må deretter haldast innan ein månad.
- (9) Ved tap av medlemskap kan vedtaket til idrettslaget klagast på til idrettskrinsen innan tre veker etter at vedtaket er motteke. Klagen skal sendast til idrettslaget sitt styre, som eventuelt kan gjere om vedtaket dersom det er fatta av styret sjølv. Opretheld styret vedtaket, skal klagen sendast til idrettskrinsen innan to veker. Idrettslaget sitt vedtak trer ikkje i kraft før klagefristen er gått ut, eventuelt når klagesaka er avgjort.
- (10) Idrettslaget skal føre elektroniske medlemslister i idretten sine nasjonale medlemsregister i tråd med forskrift gitt av Idrettsstyret.

§ 4 Medlemskontingent og avgifter

Medlemskontingenten vert fastsett av årsmøtet.³ Andre avgifter/eigendelar kan krevjast for deltaking i idrettslaget sitt aktivitetstilbod.

II. TILLITSVALTE OG TILSETTE

§ 5 Kjønnfordeling

- (1) Ved val/oppnemning av styre, råd, utval/komit  mv. og ved representasjon til årsm te/ting i overordna organisasjonsledd, skal begge kjønn vere representert. Samansetjinga skal samsvare i høve til kjønnfordelinga i medlemsmassen, likevel slik

³ Idrettslaget kan innføre ulike kontingentkategoriar (t.d. for familiar, pensjonistar, studentar). Kontingenten må vere på minst kr 100 per medlem. Årsmøtet kan vedta at æresmedlemar skal vere friteke for betaling av kontingent.

at ved val/oppnemning av meir enn tre personar, skal det veljast/oppnemnast minst to personar frå kvart kjønn. Regelen gjeld og der det blir valt meir enn eitt varamedlem. Tilsette sin representant tel ikkje med ved utrekning av kjønnsfordelinga.

- (2) Ved val/oppnemning til styre, råd, utval/komité mv. i strid med regelen, skal styret innan ein månad etter årsmøtet sende ut innkalling til ekstraordinært årsmøte der nytt val vert gjort. Eksisterande medlemar i det aktuelle styret, komitéen mv. vert sitjande til nytt styre, komité mv. er valt/oppnemnt.
- (3) Idrettskrinsen kan påleggje idrettslaget å oppfylle regelen, m.a. med innkalling til nytt årsmøte eller foreta ny oppnemning.
- (4) Idrettskrinsen kan, når det ligg føre særlege tilfelle, gje dispensasjon frå denne regelen. Det skal så langt det er mogleg søkast om dispensasjon i forkant. Søknad om dispensasjon må vere sendt til idrettskretsen innan 14 dagar etter årsmøtet. Det er berre mogleg å gje dispensasjon for ein valperiode/oppnemning kvar gong.

§ 6 Generelle reglar om stemmerett, kven som kan veljast, forslagsrett mv.

- (1) For å ha stemmerett og kunne veljast må ein vere fylt 15 år, vore medlem av idrettslaget i minst ein månad og ha oppfylt medlemskrava, jf. § 3 (1). Det same gjeld der ein person skal oppnemnast som representant til årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd. Ingen kan møte eller stemme ved fullmakt, jf. § 16.
- (2) Ein medlem som er arbeidstakar i eller har oppdragsavtale med idrettslaget, jf. § 7 (3), har ikkje stemmerett på idrettslaget sitt årsmøte. Dette gjeld ikkje for spelar/utøvar med kontrakt og medlemskap i laget.
- (3) Ein medlem kan ikkje samtidig ha meir enn eit av følgjande verv i idrettslaget: medlem av styret, valkomité, kontrollkomité, lovutval, revisor.
- (4) Ein medlem kan ikkje ha tillitsverv knytta til same idrett i fleire idrettslag som deltek i same konkurranse.
- (5) Forslagsrett:
 - a) Ein medlem har forslagsrett til og på årsmøtet i idrettslaget.
 - b) Styret i idrettslaget har forslagsrett til og på årsmøtet i idrettslaget
 - c) Eit idrettslag har forslagsrett til årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd, og laget sin(e) representant(ar) har forslagsrett på dette årsmøtet/tinget.
 - d) Ein komité/utval har forslagsrett til årsmøtet i saker som ligg innanfor komitéen/utvalet sitt arbeidsområde, og komitéen/utvalet sin(e) representant(ar) har forslagsrett på årsmøtet innanfor komitéen/utvalet sitt arbeidsområde.
 - e) Ein medlem under 15 år har forslagsrett til og på årsmøtet.
- (6) Talerett:⁴

⁴ Årsmøtet kan også vedta å gje talerett til andre personar. Dersom idrettslaget har engasjert revisor, må følgjande punkt leggst inn i (6): «Engasjert revisor har talerett på årsmøtet i saker som ligg innanfor sitt arbeidsområde.»

Representant frå overordna organisasjonsledd har talerett på årsmøtet i idrettslaget.

§ 7 Representasjonsrett og vilkår for val av arbeidstakar og oppdragstakar

- (1) Ein arbeidstakar i idrettslaget kan ikkje veljast til styre, råd, utval/komité mv. i idrettslaget eller overordna organisasjonsledd. Tillitsvalt som får relevant tilsetjing, pliktar å gå ut av tillitsvervet ved tiltreding av stillinga, og kan ikkje gå inn att før tilsetjingstilhøvet er avslutta.
- (2) Ein arbeidstaker i idrettslaget kan ikkje veljast eller oppnemnast som representant til årsmøte/ting eller leiarmøte i overordna organisasjonsledd. Det kan heller ikkje veljast eller oppnemnast representant som er arbeidstakar i det organisasjonsledd representasjonen skjer.
- (3) Regelen vert brukt tilsvarande på ein medlem som har oppdragsavtale som kan samanliknast med eit tilsetjingstilhøve.
- (4) Regelen gjeld ikkje for arbeidstakar som er spelar/utøvar med kontrakt og medlemskap i idrettslaget, og er ikkje til hinder for at idrettslaget gjev dei tilsette rett til å utpeike tilsettrepresentant(ar) til idrettslaget sitt styre.
- (5) Ein person som er valt eller oppnemnt i strid med regelen vert ikkje sett på som valt eller oppnemnt.
- (6) Idrettskrinsen kan, når det ligg føre særlege tilfelle, gi dispensasjon frå denne regelen. Det skal så langt det er mogleg søkast om dispensasjon i forkant. Det er berre mogleg å gje dispensasjon for ein valperiode/oppnemning av gongen.

§ 8 Representasjonsrett og vilkår for val for andre personar med tilknytning til idrettslaget

- (1) Ein medlem som har ein avtale med idrettslaget som gjev vedkomande ei økonomisk interesse i drifta av idrettslaget, kan ikkje veljast til verv i styre, råd, utval/komité mv. innan idrettslaget eller overordna organisasjonsledd. Det same gjeld styremedlem, tilsett, eller aksjonær med vesentleg innverknad i ein juridisk person som har slik avtale som nemnt i første setning. Avgrensinga gjeld ikkje for styremedlem oppnemnt av idrettslaget. Tillitsvalt som får ein slik avtale, styreverv, tilsetjing eller eigardel, pliktar å gå ut av tillitsvervet ved tiltreding av stillinga, og kan ikkje gå inn att før tilsettingshøvet er avslutta.
- (2) Person som etter første ledd ikkje kan veljast, kan heller ikkje veljast eller oppnemnast som representant til årsmøte/ting eller leiarmøte i overordna organisasjonsledd. Det kan heller ikkje veljast eller oppnemnast representant med tilsvarande tilknytning til det organisasjonsledd representasjonen skjer.
- (3) Ein person som er valt eller oppnemnt i strid med regelen blir ikkje sett på som valt eller oppnemnt.
- (4) Idrettskrinsen kan, ved særskilde høve, gi dispensasjon frå denne regelen. Det skal så langt det er mogleg søkast om dispensasjon i forkant. Det er berre mogleg å gje dispensasjon for ein valperiode/oppnemning kvar gong.

§ 9 Inhabilitet

- (1) Ein tillitsvalt, oppnemnt representant eller tilsett i idrettslaget er inhabil til å legge til rette grunnlaget for ei avgjerd eller til å treffe avgjerda:
 - a) når vedkomande sjølv er part i saka,
 - b) når vedkomande er i slekt eller svogerskap med ein part i opp- eller nedstigande linje eller i sidelinje så nær som søsken,
 - c) når vedkomande er eller har vore gift med eller er forlova eller sambuar med ein part,
 - d) når vedkomande er leiar eller har leiande stilling i, eller er medlem av styret i eit organisasjonsledd eller annan juridisk person som er part i saka.
- (2) Vedkomande er og inhabil når andre særskilde høve ligg føre som er eigna til å svekke tilliten til om vedkomande er upartisk; mellom anna skal det leggjast vekt på om avgjerda i saka kan gje særleg fordel, tap eller ulempe for vedkomande sjølv eller nokon som vedkomande har nær personleg tilknytning til. Det skal også leggjast vekt på om inhabilitetsmotsegn er reist av ein part.
- (3) Er ein overordna inhabil, kan avgjerd i saka heller ikkje treffast av direkte underordna i idrettslaget.
- (4) Inhabilitetsreglane skal ikkje brukast dersom det er innlysande at den tillitsvalte, oppnemnde representanten eller tilsette si tilknytning til saka eller partane ikkje vil kunne påverke vedkomande sitt standpunkt og idrettslege interesser ikkje tilseier at vedkomande bør vike sete.
- (5) Med part er det her meint person, medrekna juridisk person, som ei avgjerd rettar seg mot eller som saka elles direkte gjeld.
- (6) I styre, komitéar og utval tek organet sjølv avgjerd, utan at vedkomande medlem deltek. Kjem det i ei og same sak opp spørsmål om inhabilitet for fleire medlemmer, kan ingen av dei delta ved avgjerda av sin eigen eller ein annan medlem sin habilitet, med mindre organet elles ikkje ville vore vedtaksført i spørsmålet. I sistnemnde tilfelle skal alle møtande medlemmer delta. Medlemen skal i god tid seie frå om forhold som gjer eller kan gjere vedkomande inhabil. Før spørsmålet vert avgjort, bør varamedlem eller annan person som kan tre inn i staden for, bli kalla inn til å møte og delta i avgjerda, dersom dette kan gjerast utan vesentleg bruk av tid eller kostnad.
- (7) Ved andre tilfelle tek vedkomande sjølv avgjerda om vedkomande er inhabil. Dersom ein part krev det og det kan gjerast utan vesentleg ekstra bruk av tid, eller vedkomande elles finn grunn til det, skal vedkomande sjølv leggje fram spørsmålet for sin næraste overordna til avgjerd.
- (8) Regelen gjeld ikkje på årsmøtet i idrettslaget.

§ 10 Krav til vedtak, fleirtalskrav og protokoll

- (1) Når ikkje anna er bestemt, er styre, komitéar og utval i idrettslaget vedtaksføre når eit fleirtal av medlemmane er til stades. Vedtak vert fatta med fleirtal av dei gjevne stemmene.

Ved likt stemmetal er møteleiar si stemme avgjerande.

- (2) Vedtak kan fattast ved skriftleg sakshandsaming⁵ eller ved fjernmøte⁶. Ved skriftleg sakshandsaming skal kopiar av dokument i saka sendast samtidig til alle medlemar med forslag til vedtak. Gyldig vedtak krev at fleirtalet av medlemane gjev sin tilslutnad til det framlagde forslaget, og til at dette vert gjort etter skriftleg sakshandsaming. Ved fjernmøte skal alle møtedeltakarne kunne høyre og kommunisere med kvarandre.
- (3) Det skal førast protokoll frå styremøta.

§ 11 Refusjon av utgifter til tillitsvalte. Godtgjersle

- (1) Tillitsvalt kan motta refusjon for nødvendige, faktiske utgifter som vedkomande får i samband med utføring av vervet.
- (2) Tillitsvalt kan motta ei rimeleg godtgjersle for arbeidet sitt.
- (3) *Godtgjersle til styret og dagleg leiar skal kome klart fram i vedteke budsjett og rekneskap.*

III. ØKONOMI

§ 12 Rekneskap, revisjon, budsjett mv.

- (1) Idrettslaget er rekneskaps- og revisjonspliktig. Rekneskapsåret skal følgje kalenderåret.⁷
- (2) Dersom idrettslaget har ein årleg omsetnad på mindre enn kr 5 millionar, skal laget følgje NIF sine rekneskaps- og revisjonsreglar, men kan, etter vedtak av styret, velje å følgje rekneskapslova. Dersom idrettslaget har ein årleg omsetnad på kr 5 millionar eller meir, skal laget følgje rekneskapslova og revisorlova, og skal alltid engasjere statsautorisert/registrert revisor uavhengig av kva som følgjer av desse lovene. Alle organisasjonsledd som har engasjert revisor skal velje ein kontrollkomité med minst to medlemar. Kontrollkomitéen sine oppgåver følgjer av NIF si lov § 2-12.
- (3) Bankkonti skal vere knytt til idrettslaget og skal disponerast av to personar i fellesskap. Underslagforsikring skal vere teikna for dei som disponerer.
- (4) På årsmøtet skal det fastsetjast eit budsjett som inneheld alle hovudpostar i resultatrekneskapan. Rekneskap og budsjett for idrettslag som er organisert med grupper/avdelingar, skal også omfatte rekneskapa og budsjetta for gruppene/avdelingane. Budsjettet skal vere realistisk, og resultatet skal ikkje vise underskot med mindre det vert dekt av positiv eigenkapital. Det vedteke budsjettet bør kome fram i ei eiga kolonne når årsrekneskapet vert lagt fram.
- (5) Årsrekneskap og årsmelding skal underskrivast av samtlege styremedlemar. Har idrettslaget dagleg leiar skal også vedkomande signere.
- (6) Idrettslaget kan ikkje gje lån eller stille garantiar for lån dersom ikkje lånet eller

⁵ Til dømes per e-post.

⁶ Til dømes møte per telefon/videokonferanse.

⁷ Idrettsstyret kan, når det ligg føre særlege tilhøve, gje dispensasjon til å nytte avvikande rekneskapsår.

garantien har sikring med trygg pant eller annan fullgod sikring. Sikring for lån og garantiar skal opplystast i note til årsoppgjeret.

- (7) Disposisjonar, også låneopptak, av ekstraordinær karakter eller vesentleg omfang i høve til idrettslaget sin storleik eller verksemd, kan berre vedtakast av årsmøtet.

IV. ÅRSMØTE, STYRE, UTVAL MV.

§ 13 Årsmøtet

- (1) Årsmøtet er idrettslaget sitt høgste styringsorgan, og skal heldast kvart år innan utgangen av mars måned⁸.
- (2) Styret kallar inn til årsmøte minst ein måned på førehand direkte til medlemmane, eventuelt på annan forsvarleg måte, og/eller ved kunngjering i pressa, eventuelt på idrettslaget si internettside. Innkallinga kan vise til at saksdokumenta vert gjort tilgjengeleg på idrettslaget si internettside eller på annan forsvarleg måte. I så fall skal det gå fram at dokumenta vil bli gjort tilgjengelege seinast ei veke før årsmøtet. Forslag som skal handsamast på årsmøtet, må vere sendt til styret seinast to veker før årsmøtet. Fullstendig sakliste og andre nødvendige saksdokument med forslag til årsmøtet må vere gjort tilgjengeleg seinast ei veke før årsmøtet.
- (3) Ved innkalling i strid med regelen, avgjer årsmøtet høvesvis ved godkjenning av innkalling og godkjenning av saklista, om årsmøtet er lovleg innkalla og om det er saker som ikkje kan handsamast.
- (4) Alle medlemene til idrettslaget har tilgjenge til årsmøtet. Årsmøtet kan invitere andre personar og/eller media til å vere til stades, eventuelt vedta at årsmøtet berre er ope for medlemar.
- (5) Årsmøtet er vedtaksført dersom det møter eit tal medlemar med stemmerett som minst svarar til talet på styremedlemar vedteke i idrettslaget si lov. Er ikkje årsmøtet vedtaksført, kan det bli kalla inn til årsmøte på nytt utan krav til minimumsdeltaking.
- (6) På årsmøtet kan det ikkje handsamast framlegg om endring i lov eller reglar som ikkje er ført opp på den saklista som er gjort tilgjengeleg eller sendt ut. Andre saker kan handsamast når 2/3 av dei frammøtte med stemmerett på årsmøtet vedtek det ved godkjenning av saklista.

§ 14 Leiing av årsmøtet

Årsmøtet vert leia av valt dirigent. Dirigent eller valt referent treng ikkje vere medlem. Det kan veljast fleire dirigentar og referentar.

§ 15 Årsmøtet sine oppgåver

Årsmøtet skal⁹:

⁸ Vedtak om årsmøte innan mars måned er fastsett av Idrettsstyret, jf. NIF si lov § 2-11 (8) siste setning.

⁹ Dersom saklista ikkje vert fullført, kan det kallast inn til framhaldande årsmøte. Slik innkalling skjer på

1. Godkjenne dei som har stemmerett.
2. Godkjenne innkallinga, saklista og møtereglane.
3. Velje dirigent, referent, og to medlemar til å skrive under protokollen.
4. Handsame idrettslaget si årsmelding, inkludert eventuelle gruppeårsmeldingar.
5. Handsame idrettslaget sin rekneskap i revidert stand.
6. Handsame forslag og saker.
7. Fastsetje medlemskontingent på minst kr 100, og treningsavgift, eller gi gruppestyra fullmakt til å fastsette treningsavgift for gruppa si aktivitet.¹⁰
8. Vedta idrettslaget sitt budsjett.
9. Handsame idrettslaget sin organisasjonsplan.¹¹
10. Gjere følgjande val:¹²
 - a) Leiar og nestleiar
 - b) [tal] styremedlem og [tal] varamedlem¹³
 - c) Andre val i høve til vedteken organisasjonsplan, jf. pkt. 9.
 - d) To revisorar.¹⁴
 - e) Representantar til ting og møte i dei organisasjonsledda som idrettslaget har representasjonsrett eller gje styret fullmakt til å oppnemne representantane.
 - f) Valkomité med leiar, to medlemar og eitt varamedlem.

Leiar og nestleiar skal veljast enkeltvis. Dei andre medlemane skal veljast samla. Deretter skal varamedlemane veljast samla, og ved skriftleg val vert rekkjefølgja avgjort i høve til stemmetala.

§ 16 Stemmegjeving på årsmøtet

- (1) Med mindre noko anna er fastlagt i denne lova, skal eit vedtak, for å vere gyldig, vere gjort med vanleg fleirtal av dei avgjevne stemmene. Ingen representant har meir enn ei stemme. Ingen kan møte eller stemme ved fullmakt. Blanke stemmer skal reknast som ikkje avgjevne.
- (2) Val skal vere skriftleg dersom det ligg føre meir enn eitt framlegg eller det vert fremja krav om det. Dersom det skal vere skriftleg val, kan berre føreslegne kandidatar først opp på stemmesetelen. Stemmesetler som er blanke, eller som inneheld kandidatar som ikkje er føreslegne, eller ikkje har det tal det skal stemmast over, tel ikkje, og stemmene skal reknast som ikkje avgjevne.
- (3) Når eit val vert halde enkeltvis og ingen kandidat oppnår meir enn halvparten av dei

tilsvarande måte som for ordinært årsmøte, men eventuelt med kortare frist godkjent av årsmøtet.

Framhaldande årsmøte kan berre handsame saker som var med i godkjent sakliste for årsmøtet.

¹⁰ Årsmøtet kan fastsette ei øvre grense på storleik på treningsavgifta.

¹¹ Organisasjonsplanen skal regulere den interne organiseringa og aktiviteten i idrettslaget.

¹² Dette er minimum av dei tillitsvalte som skal veljast på årsmøtet. Årsmøtet kan i tillegg velje andre tillitsvalte det er behov for.

¹³ Idrettslaget kan velje om styremedlemar skal veljast for eitt eller to år av gongen. Tal styremedlemar og varamedlemar må fyllast ut ved vedtak av loven, minimum eitt styremedlem og eitt varamedlem. Styremedlemar kan veljast til spesifikke oppgåver.

¹⁴ Idrettslag med årleg omsetnad på kr 5 millionar eller meir pliktar å ha engasjert revisor, og må ta inn følgjande som nytt punkt 10: «Engasjere statsautorisert/registrert revisor til å revidere idrettslaget sin rekneskap.» Punkt 10 må forskyvast til nytt punkt 11 og nytt punkt 11 bokstav d) endrast til: «Kontrollkomité med minst to medlemar.»

avgjevne stemmene, skal det vere omval mellom dei to kandidatane som har fått flest stemmer. Står nokon likt etter omvalet, vert det avgjort ved loddtrekking.

- (4) Når fleire skal veljast ved ei røysting, må alle ha meir enn halvparten av dei avgjevne stemmene for å vere valt. Dette gjeld ikkje ved val av varamedlem. Om ikkje mange nok kandidatar får dette i første omgang, er det berre dei som har fått meir enn halvparten av stemmene som er valde. Det vert så omval mellom dei kandidatane som står att, og etter denne røystinga er dei valde som har fått flest stemmer. Står nokon likt etter omvalet, vert dette avgjort ved loddtrekking.

§ 17 Ekstraordinært årsmøte

- (1) Ekstraordinært årsmøte i idrettslaget vert kalla inn av idrettslaget sitt styre minst 14 dagar på førehand etter:
 - a) Vedtak av årsmøtet i idrettslaget.
 - b) Vedtak av styret i idrettslaget.
 - c) Vedtak av styre eller årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd.
 - d) Skriftleg krav frå 1/3 av dei medlemne i idrettslaget som har stemmerett.
- (2) Ekstraordinært årsmøte vert kalla inn direkte til medlemne, eventuelt på anna forsvarleg måte medrekna ved kunngjering i pressa, eventuelt på idrettslaget si internettside. Saklista og andre nødvendige dokument skal følgje vedlagt innkallinga eller vere gjort tilgjengeleg på idrettslaget si internettside eller annan forsvarleg måte. I sistnemnte tilfelle skal det gå fram av innkallinga at saksdokumenta er gjort tilgjengeleg på annan måte, og dokumenta skal vere gjort tilgjengelege på innkallingstidspunktet.
- (3) Ekstraordinært årsmøte er vedtaksført dersom det møter eit tal medlemar med stemmerett som minst svarar til talet på styremedlemar vedteke i idrettslaget si lov. Dersom det ekstraordinære årsmøtet ikkje er vedtaksført, kan det kallast inn til årsmøte på nytt utan krav til minimumsdeltaking.
- (4) Ekstraordinært årsmøte i idrettslaget skal berre handsame dei sakene som er med i vedtaket eller i kravet om innkalling av det ekstraordinære årsmøtet.
- (5) Ved innkalling i strid med regelen, avgjer det ekstraordinære årsmøtet høvesvis ved godkjenning av innkalling og godkjenning av saklisten, om det ekstraordinære årsmøtet er lovleg kalla inn og om det er saker som ikkje kan handsamast.

§ 18 Idrettslaget sitt styre

- (1) Idrettslaget vert leia og forplikta av styret, som er idrettslaget sitt høgste styringsorgan¹⁵ mellom årsmøta.

¹⁵ Hovudstyret leiar og forpliktar laget. Dette tilseier at det er hovudstyret som kan gjere tilsetjingar og inngå evt. andre avtalar som forpliktar idrettslaget juridisk. Hovudstyret kan likevel gjennom særskild instruks eller vedtak gje idrettslaget sine grein-/gruppestyre fullmakt til å forplikte laget innanfor rammene for instruks/vedtaket.

- (2) Styret skal m.a.:
- a) Setje i verk årsmøtet og overordna organisasjonsledd sitt regelverk og sine vedtak.
 - b) Sjå til at idrettslaget sine midlar vert brukt og forvalta på ein forsiktig måte i samsvar med dei vedtak som er fatta på årsmøtet eller i overordna organisasjonsledd, og sørgje for at idrettslaget har ein tilfredsstillande organisering av rekneskaps- og budsjettfunksjonen og har forsvarleg økonomistyring.
 - c) Etter behov oppnemne komitéar/utval/personar for spesielle oppgåver og utarbeide mandat/instruks for desse.
 - d) Representere idrettslaget utetter.
 - e) Oppnemne ansvarleg for politiattestordninga.¹⁶
 - f) Oppnemne ein ansvarleg (tillitsvalt eller tilsett) for barneidretten¹⁷.
- (3) Styret skal halde møte når leiaren bestemmer det eller minst to av styremedlemene krev det.

§ 19 Grupper og komitéar

- (1) Valkomitéen vert valt på årsmøtet på fritt grunnlag, etter innstilling frå styret, og skal leggje fram innstilling på kandidatar til alle andre tillitsverv som skal veljast på årsmøtet. Medlem av valkomité som sjølv vert kandidat til verv, pliktar å tre ut av valkomitéen.
- (2) Idrettslaget sitt årsmøte kan vedta å opprette og nedlegge grupper, og korleis desse skal organiserast og leiast. Avgjerda om dette vert gjort i samband med årleg handsaming av idrettslaget sin organisasjonsplan, jf. § 15 pkt. 9.
- (3) Dersom laget sitt årsmøte ved handsaming av organisasjonsplanen har vedteke å opprette grupper med gruppestyre, gjeld følgjande:
- a) Kvar gruppe skal ha eit gruppestyre på minst tre medlemar. Gruppestyret vert valt på årsmøtet. Grappa foreslår kandidatar til gruppestyret til valkomitéen. Eventuelt kan årsmøtet gje hovudstyret fullmakt til å oppnemne gruppestyre etter forslag på kandidatar frå grappa.
 - b) Grappa held eit årleg møte før årsmøtet i idrettslaget. Hovudstyret fastset ein siste frist for det årlege møtet. Møtet vert kalla inn av gruppestyret med frist på minst ei veke.
 - c) Det årlege møtet skal:
 - i. Handsame rekneskap.
 - ii. Handsame grappa si årsmelding.
 - iii. Fastsette budsjett.
 - iv. Fastsette eventuell årleg treningsavgift, jf. § 15 nr. 7.
 - v. Fremje innspel til årsplan for grappa sine aktivitetar til hovudstyret.
 - d) Gruppestyret konstituerer seg sjølv, med mindre anna er vedteke av årsmøtet.
 - e) Grupper kan ikkje inngå avtalar eller representere idrettslaget utetter utan godkjenning frå hovudstyret, jf. § 18.

¹⁶ Gjeld for idrettslag som organiserer aktivitet for mindreårige og/eller personar med utviklingshemming.

¹⁷ Gjeld for idrettslag som organiserer aktivitet for barn til og med fylte 12 år.

V. ANDRE REGLAR

§ 20 Allmenne disiplinærtiltak, sanksjonar etter kamp- og konkurransereglar, straffesaker og dopingsaker

For allmenne disiplinærtiltak, sanksjonar etter kamp- og konkurransereglar, straffesaker og dopingsaker gjeld NIF si lov kapittel 11 og 12.

§ 21 Lovendring

- (1) Lovendring kan berre vedtakast på ordinært eller ekstraordinært årsmøte i idrettslaget etter å ha vore ført opp på saklista, og krev 2/3 fleirtal av dei avgjevne stemmene.
- (2) Lovendringar som følgje av endringar i NIF si lov, trer i kraft straks. Lovendringar vedtekne av idrettslaget sjølv trer ikkje i kraft før dei er godkjent av idrettskrinsen. Godkjenninga er avgrensa til dei reglane som NIF si lov omfattar.
- (3) I samband med godkjenninga kan idrettskrinsen påleggje nødvendig endring for å unngå motstrid med NIF sitt regelverk.
- (4) Endring i §§ 21 og 22 kan ikkje vedtakast av idrettslaget sjølv med mindre endringane følgjer av NIF sitt regelverk eller lovnorm.

§ 22 Oppløysing. Samanslåing. Anna opphøyr

- (1) Forslag om oppløysing av idrettslaget må først handsamast på ordinært årsmøte. Blir oppløysing vedteke med minst 2/3 fleirtal, skal det kallast inn til ekstraordinært årsmøte tre månader seinare. For at oppløysing skal skje må vedtaket også her gjerast med 2/3 fleirtal.
- (2) Samanslåing med andre idrettslag vert ikkje rekna som oppløysing av laget. Vedtak om samanslåing og nødvendige lovendringar knytt til dette skal gjerast i samsvar med vedtektene om lovendring, jf. § 21.
- (3) Ved oppløysing eller anna opphøyr av idrettslaget går laget sine overskytande midlar etter avvikling til eit føremål godkjent av idrettskrinsen. Melding om at idrettslaget skal oppløysast, skal sendast til idrettskrinsen 14 dagar før idrettslaget held sitt ordinære årsmøte for handsaming av saka.

VEDLEGG 2



HOVEDSPONSORAVTALE

Sponsoravtale

Dette er en sponsoravtale mellom SpareBank 1 Nordmøre, heretter kalt Sparebanken og Bøfjord IL, heretter kalt BØIL. Avtalen er konfidensiell for alle utenforstående parter.

Avtalen er treårig, og gjelder for perioden 010122 – 311224. Den opphører ved avtaleperiodens slutt uten ytterligere oppsigelse fra noen av partene. Sparebanken forbeholder seg retten til å reforhandle avtalen etter ønske.

Ytelser fra BØIL:

- Sparebanken blir hovedsponsor for idrettslaget
- Idrettslaget skal benytte Sparebanken som bankforbindelse
- Idrettslaget kan ikke ha sponsoravtaler med andre finansieringsselskap (bank/forsikring) i avtaleperioden uten Sparebankens godkjenning
- Ved all reklamedistribusjon/annonsering fra BØILs side skal Sparebanken være representert som hovedsponsor. Annonsering betales av BØIL.
- Sparebanken får en helsides annonse i evt. Program, terminlister, resultatlister osv. fra BØIL • Sparebanken skal ha reklameskilt ved BØILs klubbhus, stadion, baner osv. Fortrinnsvis fastmontert. Om det ikke er fastmonterte skilt skal det brukes banner.
- Ved arrangement skal det brukes startnummer, start/mål-segl og det skal gå godt fram at Sparebanken er hovedsponsor.
- Sparebanken skal ha logo på bryst/front på alle spilledrakter og/eller aktivitetsklær og utstyr. Herunder: Bueskyting, Fotballag, Volleyball, Sykkel, Trim osv. – alle som har slike drakter/utstyr.
- Sparebanken gis anledning til å delta på et sosialt samvær i BØILs regi for å presentere sine tjenester.
- Sparebanken får liste over BØILs medlemmer om ønskelig.
- Sparebanken skal omtales i positive ordelag som hovedsponsor blant BØILs medlemmer.

Sparebanken sørger for å skaffe nødvendig reklamemateriell etter bestilling fra BØIL, mens BØIL er ansvarlig for oppsetting/montering. I dette ligger også ansvar for at reklamen er riktig plassert og holder rette mål og størrelse innenfor Norges Idrettsforbunds regler.

Ytelser fra Sparebanken

- Sparebanken betaler et grunnbeløp på kr 15 000,- hvert år. Beløpet utbetales 1.2 i avtaleåret. • Sparebanken bistår ved kopiering vederlagsfritt ved behov.
- Sparebanken kan låne ut betalingsterminal vederlagsfritt ved BØILs arrangement.

Sparebanken betaler selv alle kostnader vedrørende reklamemateriellinnkjøp.

Bærekraft:

SpareBank1 Nordmøre sin ambisjon er å ha en ansvarlig og bærekraftig forretningsadferd. Vi ønsker å inspirere og hjelpe så mange vi kan til å ta bærekraftige valg hver eneste dag. Utviklingen i samfunnet går nå i retning av mer oppmerksomhet på en bærekraftig utvikling. Bærekraftig utvikling ligger i krysningen mellom miljømessige forhold, sosiale forhold og økonomiske forhold.

Standard krav:

- Fokus på gjenbruk
- Avfallshåndtering i forbindelse med arrangement.
- Miljøvennlige transport.
- Minimere bruk av engangsplastikk
- Kunnskap om bærekraftig utvikling for ansatte og frivillige
- Minimere matsvinn
- Fokus på lokale og kortreiste produkter og tjenester
- Inkluderings tiltak

Denne avtalen er i to eksemplarer – en til hver av partene. Kontaktperson fra BØIL er Bodil Kvam Aasbø, telefon Tlf.: 48269549 Epost: bodilkvamaasbo@gmail.com

Kontonummer til idrettslaget: 4040.55.34640

Dato.....

Bøfjord IL SpareBank 1 Nordmøre

VEDLEGG 3

ARBEIDSFORDELING BASAR

Styret skal saman med trimgruppa, fotballgruppa og skigruppa arrangere basar for idrettslaget, vår og haust. For at det skal bli lettare å organisere basarane har vi laga forslag til arbeidsfordeling der vi rullerar på oppgåvene.

	Oppgaver	Vår 2015	Haust 2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Åresalg og amerikansk auksjon	Skaffe gevinstar Selge og trekke årer Skaffe trekkelapper og vekslepengar	Trim-gruppa	Fotball-gruppa	Trim-gruppa	Trim-gruppa	Trim-gruppa	Trim-gruppa	AVLYST PGA COVID 19	Trim-gruppa
Basarbord	Skaffe basarbøker Skaffe gevinstar Selge og trekke	Forball-gruppa	Hoved-styret	Hoved-styret	Hoved-styret	Hoved-styret	Hoved-styret	AVLYST PGA COVID 19	Hoved-styret
Forhånds-salg	Skaffe gevinstar Skaffe basarbøker og vekslepengar Forhåndssalg	Skigruppa	Trim-gruppa	Fotball-gruppa	Ski-gruppa	Fotball-gruppa	Fotball-gruppa	AVLYST PGA COVID 19	Fotball-gruppa
Kjøkken	Innkjøp/varelevering Skaffe kaker/bakels etc Salg av mat/kaker etc	Hoved-styret	Skigruppa	Ski-gruppa	Fotball-gruppa	Ski-gruppa	Ski-gruppa	AVLYST PGA COVID 19	Ski-gruppa
Diverse	Leige Grendahuset Sponsorvimpel Bankterminal Lydanlegg Annonsering Rigging	Hoved-styret	Hovedst-yret	Hoved-styret	Hoved-styret	Hoved-styret	Hoved-styret	AVLYST PGA COVID 19	Hoved-styret
Program	Trekking av trimbøker Premiering sykkeltrim Utdeling Turar i Bøfjorden Utdeling av skimerker Bildekavalkade Informasjon hovedstyret							AVLYST PGA COVID 19	

VEDLEGG 4

PREMIERING BØFJORD IL

PREMIERING TRIMGRUPPA

Åsskardfjorden rundt

Etter 10. år, 15 år, 20 år osv får ein eit trefat som er måla av Sigrun Hesjahagen. Dette bestillast direkte frå ho.

I tillegg er det ein del uttrekkspremiar, mellom anna krus med teikning av Åsskardfjorden. Teikna av Hans Blekken

Blåfjelløpet

- 1. år: Diplom
 - 2. år: Medalje i bronse
 - 4. år: Medalje i sølv
 - 6. år: Medalje i gull
 - 10.år: Plakett
 - 15. år: Plakett
 - 20, 25, 30 år osv: Porselensfat måla av Sigrun Hesjahagen
- Medaljanane kan bestillast på Premiemarkasinet. Plakett på Magnor glassverk og fata direkte frå Sigrun Hesjahagen.

Turar i Bøfjorden

- 1. år: Bronsemerket
 - 2. år: Bronsemerke (berre ungar)
 - 3. år: Sølvmerke
 - 4. år: Sølvmerke (berre ungar)
 - 5. år: Gullmerke
- Bestilling på odt@oslodatatrykkeri.no

I tillegg trekkjast det to gåvekort à kr 500 av dei som har klart merkekravet.

Sykeltrimmen

Barn under 12 år får medalje dersom dei klarar sykkeltrimkravet.

Bestilling på www.premieskapet.no

Det trekkes i tillegg eit gavekort på kr. 500 av dei som har klart kravet på sykkeltrimmen.

Trimbøker

Det trekkes i eit gavekort på kr 300 på kvar trimpost.

PREMIERING SKIGRUPPA

Norsk skimerke

På merkeskirenn kan ein ta Norsk Skimerke etter Skiforbundet sitt reglement. Skigruppa bestiller merke og plakettar. Barna får dette gratis, medan vaksne betalar sjølv for plakettar. Bestilling på www.idrettsbutikken.no

Barnas skimerke

Skigruppa oppfordrar barn til å notere km og ta Barnas skimerke/distansemerke
Bestilling på www.idrettsbutikken.no

Lagsmesterskapspokal

Idrettslaget har ein lagsmeisterskapspokal for damer og ein for herrar. Namnet på årets vinnar graverast inn i pokalen. Dersom ein får namnet sitt gravert tre gonger, får han pokalen til odel og eige.

VEDLEGG 5

VEDLIKEHALD AV LEIKARVOLLEN

Plenklipping

Banen blir klipt av frivillige som blir spurde til ei kvar tid, som oftast av spelarar på laget, men og andre som kan vera interesserte.

Klipparen skal spylast etter kvar klipping.

Det hadde vore å anbefale ein service på klipparen etter kvar sesong, da ansvaret for reparasjonar ikkje har vore så enkelt å fordele.

Gjødsling/kalking

Banen skal gjødslast tre gongar kvart år og dette blir gjort med traktor. Det er å anbefale lettast mogleg redskap til dette og at ein tek omsyn til ver og baneforhold. Dette har vore gjort av spelarar eller folk i fotballmiljøet som har traktor og er vante med slikt arbeid.

Kalking bør også følgjast opp etter anbefalt mengde for slike forhold.

Holtrapping

Banen skal trappast for sår og hol etter kvar gong den er i bruk. Dette skal brukarane sjølv gjere og det må takast på alvor. Ved sesongstart brukar vi å samle spelarane og ta ein demonstrasjon på korleis dette skal gjerast. For å behalde ein brukbar bane er dette vedlikehaldet det viktigaste!

Jordlufting

Bøfjord IL har kjøpt ein grasluftar. Dette er ei ny og foreløpig litt ukjent maskin for oss, men slik anbefalingane har vore frå fagmiljø er dette eit svært viktig redskap for å halde "liv" i grasmatta. Maskina perforerer overflata med små hol og lagar luftkanalar for grasrøtene. Bioforsk anbefalar at ein kjører maskina fleire gong i året for vedlikehald. Her er det ikkje innarbeidd rutinar for dette foreløpig.

Luftaren er traktordriven, og vedlikehaldet er som for landbruksredskap generelt.

Det kan muligens og vera ei interesse frå andre klubbar med grasbane for å leie denne.

Merking av bane

Banen blir merkt før kvar kamp. Dette gjeres med ei sprayvogn som står i redskapsrommet.

Valt banemannskap ser til at det er tilstrekkelig mengde merkespray til ei kvar tid. Intakte hjørneflagg skal vera på plass.

Vatning

Kvart år er det behov for vatning i løpet av sesongen. Laget har ei sjølvgåande vatningsvogn som står i redskapsrommet. Utstyret består av ein trommel med slange og ei vogn med dyse. Dette koplast på kranen i kummen ved sørvestre hjørnet av banen.

Arbeid rundt banen

Området rundt banen må ryddast og haldast i orden. Dette blir som oftast gjort som dugnadsarbeid om våren. Det kan t.d. vere reklameskilt som skal hengast opp, reparasjon og vedlikehald av benkar og sette nett på måla. Spelarane skal raka heile banen for daudgras kvar vår før banen blir teke i bruk.

I dag blir kantane rundt banen slege med kantklippar og traktor. Det er og ei ryddesag i redskapsrommet.

VEDLEGG 6

VEDLIKEHALD AV LYSLØYPE

1. Vedlikehold av lysløypa i Slettå.

Kvar haust bør det vurderast om det trengst rydding i og ved sida av traséen. Arbeidet utførast enklast med motorsag/ryddesag evt. beitepussar på traktor. Samtidig bør ein sjekke at alle lyskastarane fungerer og utbetre evt. feil og manglar.

2. Vedlikehold av snøscooter med sporleggar

Bøfjord IL eig ein snøscooter med sporleggar som står i lysløypa. Denne blir m.a brukt til skitrim og lagsmesterskap. Skigruppa har nøkkel til denne og brukar den ved behov. Skigruppa har ansvaret for drift og vedlikehold av scooteren. Det skal vere ein scooteransvarleg. Vedkommande har ansvaret for at enkelt vedlikehold av scooteren utføres etter endt sesong og at det er drivstoff tilgjengeleg i lysløypa. Innimellom vert snøscooteren også levert til service på autorisert verkstad.

3. Bakelsbu

Etter endt sesong skal det ryddast i bua, og før neste sesong skal det vaskast.

VEDLEGG 7

TURAR I BØFJORDEN –ANSVARSFORDELING

Trimgruppa er hovedansvarleg for Turar i Bøfjorden og dei har ansvaret for følgjande:

- Administrere sal av heftet og klippekort på Bølandet Samvirkelag, Notabene Surnadal, Sport 1, Intersport og Felleskjøpet på Halså.
- Premiering på idrettslagets haustbasar
- Sørge for at det til kvar tid er måling og anna utstyr til merking tilgjengeleg i lageret/garasjen.
- **Hans Georg Snevik og Ivar Arne Bøe** har ansvaret for å kappe opp og måle pinnar til merking over myr o.a.

På kvar tur er det satt opp 1-3 stk som har ansvaret for oppfølging av dei ulike turane, og dei skal gjere følgjande:

- Følgje med på om skilt og tavler står støtt.
- Sjekke om skruer har lausna, o-kliper er i orden, eller om noko er slitt eller øydelagt.
- Rydding av skog/kvist ved behov.
- Vedlikehald av merker der det er nødvendig.
- Varsle styret ved manglar på tavler og skilt og for bestilling av nye skilt.
- Utsifting av stolpar og tavler ved behov: Berekna levetid er 20 år.
- Måling og pinnar finn du i lageret i Grendahuskjellaren og/eller garasjen. (Hugs å tømme målingsrestar attende i målingsspannet og sett penslar, og anna med lukt, i garasjen)

Informasjon om merking finn du i merkehandboka på s 76 og utover. Sjå eige dokument eller her: <http://www.merkehandboka.no/merkehandboka/>

Tur nr	Tur	Ansvarleg	Telefon
1	Kalset – Kvalnesvika	Lars Arne Bøe	93091990
2	Kalset- Kalsetsetra	Lars Arne Bøe	93091990
3	Heggemsneset-Kalset	Maj Aina Bøe	99755133
4	Heggemsneset – Blåfjellet	Jon Moen og Nils Ole Bøklepp	95229744 95722096
5	Dragset – Blåfjellet	Bjørge og Bodil Aasbø	99643085 48269549
6	Dragset- Skarhaugen- Håkkåsteinen	Trimgruppa opp til Skarhaugen Bjørge og Bodil Aasbø	99643085 48269549
7	Skrøvset – Skrøvsetfjellet – Skreå	Per Iver Skrøvset Hans Snekkvik	90129663 92809185
8	Settem – Settemsvarden	Maria og Ingebrigt Garthe	98008012 90917054
9	Settem – Jutulbu – Tussan	Maria og Ingebrigt Garthe	98008012 90917054
10	Settemørnan – Svarttjøna	Tommy Bøe og Arvid Skrøvseth	91821300 97018187
13	Åsskardfjorden rundt	Trimgruppa	
15	Grendahuset – Svartvatnet	Tommy Bøe og Arvid Skrøvseth	91821300 97018187
16	Sletta – Blåfjellet	Henrik Blekken Harald Skrøvset	94873103 97405406
17	Sletta – Kjølén	Terje Endresen	
18	Sletta – Hjelmkonna	Lise Settemsdal Lars Settemsdal	40071891 48038541
20	Settemsdalen – Hjelmen	Arnt Ketil Bøe	91518448
21	Bø – Osen – Hyllrabben	Inger Bøe og Sondre Bøe	91146915
22	Stakkneset – Trollbakken – Bøvardane	Ola Bøe, Tor Magne Bøe, Arngrim og Hege Mogstad	71662858
23	Bøkleppen – Bølia – Stordalsvarden	Arnt Ketil Bøe	91518448
24	Bøkleppen – Bøkleppnausta	Elin Merete og Magnus Bøklep	91640708 95277522
25	Bøkleppen – Bøkleppsetra/Gravasetra	Gunhild Bøklep Bøe og Bernard Bøe	41560850
26	Bøkleppen- Trodalen	Ola Marvin Gravvold og Harald Skrøvset	97405406 71662929

VEDLEGG 8

VIL DU BLI MEDLEM I BØFJORD IL?



Som medlem i Bøfjord IL får du følgende medlemsfordelar:

- Reduserte priser på Bøfjord I.L sin treningskolleksjon.
- 25% rabatt på fotballrelatert utstyr på Sport 1 Surnadal (sko og bukse)
- Bli med i trekning på trimbøker på dei 11 trimpostane våre
- Anledning til å leige kajakk og dobbelkajakk
- Trene på idrettslagets styrkerom på Bøfjord skule
- Gratis startkontingent på løp/skirenn opp til 16 år. (Gjeld ikkje på renn/løp i regi idrettslaget)

Kva kostar medlemsskapet?

Frå 2017 kostar det 100 kr å vere medlem i Bøfjord IL. Det er samme kontingent for barn og vaksne.

Korleis blir eg medlem?

Dersom du ikkje er medlem kan du bli det ved å betale inn 100 kr til kontonummer 4040 55 34640, og merk **medlemskontingent, årstall og namn**. eller kontakt ein i hovedstyret.

VEDLEGG 9

TILLITSVALDE BØFJORD IL 2022-2023

Her er oversikt over tillitsvalde som vart vedteke på årsmøte 03.03.2022.

Styre/gruppe	Verv	Navn	Ant år	E-post	Telefon
Styret	Leiar	Malin Sættem	1	malinzm@outlook.com	45247761
	Nestleiar	Anders Melling	2	andersmelling@gmail.com	97516797
	Sekretær	Gjertrud Heggem	1	gjertrudheggem@gmail.com	93097015
	Kasserar	Grete Snekvik Settemsdal	1	grete.snekvik.settemsdal@hotmail.com	90858290
	Styremedlem	Per Iver Skrøvset	2	priver@svorka.net	90129663
	Vara	Maria Garthe	2	maria@golden-edition.com	98008012
Trimgruppa	Leiar	Maj Aina Bøe	2	Maj.aina@svorka.net	99755133
	Medlem	Per Iver Skrøvset	2	priver@svorka.net	90129663
	Medlem	Lise Settemsdal	2		40071891
	Medlem	Grim Sæterbø	1	Bonanza_2@hotmail.com	91572428
	Medlem	Maria Yoon Garthe	1	maria@golden-edition.com	98008012
Skigruppa	Leiar	Eilen Haarstad	1		48087164
	Medlem	Kenneth Haarstad	2		48087164
	Medlem	Martin Bøklep	2		47832620
	Medlem	Lars Settemsdal	2	Lars.settemsdal@hotmail.com	48038541
	Medlem	Tone Haugen	1	Tone.h.81@hotmail.com	97713357
Fotballgruppa	Leiar	Ivar Arne Bøe	1	ivararneboe@hotmail.com	91720587
	Medlem	Per Mathias Bøe	1		48182720
	Medlem	Daniel Bøe	1	Daniel.boe@surnadal.kommune.no	90227826
	Medlem	Sondre Bøe	2		91146915
Innsatspokal-komitè	Leiar	Inger Lise Heggem	1		40282892
	Medlem	Arnfinn Nessæther	3		45115584
	Medlem	Arnt Ketil Bøe	2		91518448
Valkomitè	Leiar	Nonnon Heggem	3		92817310
	Medlem	Linda Settemsdal 3	1		94813002
	Medlem	Liv Berit Brusethaug	2		95445087
Revisorar	Medlem	Ola Sæter	1		91720604
	Medlem	Lars Settemsdal	1	Lars.settemsdal@hotmail.com	48038541
Kontigent-innkrevarar	Medlem	Tore Settemsdal	2		99376127
	Settem/Settemørar	Elisif Sætervik Berg	1	elisif@svorka.net	40288823

VEDLEGG 10

ØVRIGE KONTAKTPERSONAR BØFJORD IL 2022-2023

Bueskyting:	Tommy Bøe	91821300
	Lars Arve Gravvold	91354063
Døming:	Per Iver Skrøvset	90129663
Hjelmkonnå:	Tore Sannes	92444344
Singelkajakk:	Tore Sannes	92444344
Dobbelkajakk:	Tommy Bøe	91821300
Volleyballbane:	Sondre Bøe	91146915
Trimrom:	Anders Melling	97516797
	Gjertrud Heggem	93097015
	Per Iver Skrøvset	90129663
Sykkelbanen:	Linda Settemsdal	94813002
	Bodil Kvam Aasbø	48269549
Hjertestarter:	Malin Sættén	45247761